



Bryggjarane traff også den legendariske kvinneskikkelsen Molly Malone i Dublin. Bak står, frå venstre, Kjell Yri, Kristian Bringedal og Magne Huglen. Foran sit, frå venstre, Ragnvald Myklebust, Kjell Tungesvik, Bjarne Lilleaas, Vidar Haugland og Reidar Myklebust.

**Fot to veker sidan gjesta Humlepungen Bryggjarlag frå Uskedalen i Dublin. Det er ein millionby i Europa, men likevel intim,**

Den velkjenda dyrlækjaren og havsegjlaren Bjarne Lilleaas var reiseleiar. Han har vore i byen før og tok oss andre fram til dei rette besøksmåla på ein rask og effektiv måte. Av felles tiltak må vi særleg nemna guida busstur, irsk kveld med musikk og reeverdance, Molly Malone-statuen og vitjinga på bryggeriet Guinness Storehouse.

Stampuben var sjølvstekt i Temple Bar-området, ein livleg labyrint med smug på kryss og tvers. Den største opplevinga for mange var likevel eit møte med det lokale musikklivet i Dun Laoghaire, hamnebyen der vi budde. Kvar fredag møttest folk i ulike aldrar med sin musikk på eit lokalt bygdehus. Vår eigen Reidar Myklebust framførte to songar, folkevisa "Eg veit ei lita jente" og den irske "Tirn'a Noar". Det var stor fagnad.



Guinness-ølet er servert – bryggjarane "på toppen" av Guinness Storehouse..

Ei gruppe på 8 bryggjarar vil også finna rom for sine særinteresser. Nokre gjesta Nasjonalgalleriet og Trinity College med den keltiske skatten Kellsboka. Andre var på katolsk messe og sundagstur i badebyen Bray.

Ingen gjesta Old Jameson Distillery. Det vart nok med Guinness Storehouse og eit utall pubar.

Av Kristian Bringedal



Humlepungen samla i eit typisk pubmiljø i Dublin. (Foto: Ragnvald Myklebust)